



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Innkalling og saksliste

Dato: **24. august 2016**

Tid: **kl. 12:15-14**

Sted: Rom 400, HF-bygget

Saksliste:

- | | |
|--------------|---|
| 13/16 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 14/16 | Godkjenning av protokoll fra forrige programstyremøte (vedlegg 1) |
| 15/16 | Orienteringssaker
1. HF2018
2. Mentorordning
3. Elever fra St. Paul som skal ta ENG100 |
| 16/16 | Studieplanendring for ENG125, ENG331, ENG332, ENG335 og ENG337 (vedtakssak)
(vedlegg 2 og 3 (for alle 300-kurs)) |

Ved forrige studieplanendring fikk vi tilbake et betinget vedtak fra fakultetet. Fakultetet ber fagmiljøet revidere vurderingsformene i emnene over, slik at studentene kan ta opp igjen eksamen i det undervisningsfrie semesteret med samme vurderingsform som i undervisningssemesteret. Fakultetet viser til at vurderingsformen på et emne skal samsvare med emnets læringsutbytte, og at studentene bør få prøves likt uavhengig av hvilket semester de tar eksamen i, og dermed vise graden av måloppnåelse på de samme betingelsene. Denne endringen er allerede innført på de nyopprettede emnene ENG341, ENG343, ENG347 og ENG349.

For de ulike emnene vil denne endringen innebære:

ENG125: Hjemmeeksamen i begge semester + endring om gyldighet på obligatorisk arbeidskrav

ENG331: Hjemmeeksamen + muntlig i begge semester

ENG332: Studentene får levere inn en omarbeidet versjon i undervisningsfritt semester, uten videre veiledning fra fagmiljøet.

Ny tekst under «Vurderingsformer» i ENG332 og ENG337:

Ved eksamen i følgende semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde semesteroppgåva utan vidare rettleiing.

ENG335: Samme som ENG331

ENG337: Samme som ENG332

Se vedlegg 2 og 3 for oppdaterte emnebeskrivelser.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Forslag til vedtak:

Programstyret godkjenner alle endringene i emneplanene for ENG125, ENG331, ENG331, ENG332, ENG335 og ENG337.

Emneplanene oversendes til UUI for videre behandling.

17/16 Programsensorrapport i ENG100 (vedlegg 4 og 5), ENG107, ENG108 og ENG109 (også vedlegg 5), ENG125 (vedlegg 6) (diskusjonssak)

Programstyret diskuterer de vedlagte programsensorrapportene. Hovedkoordinator for programstyret i engelsk skriver en kommentar til programsensorrapportene. Denne blir videresendt til UUI for behandling.

18/16 Eventuelt

16.08.2016/HSM



Vedlegg 1:

Møtereferat, programstyret for engelsk

Dato: **20. april 2016**

Til stades på møtet: Zeljka Svrljuga (programstyreleiar, hovudkoordinator), Dagmar Haumann (fagkoordinator for lingvistikk og didaktikk), Karol Janicki, Jerzy Nykiel, Jacob Hoffmann, Sigrid Ørevik, Bente Hannisdal, Laura Sætveit Miles, Lene M. Johannessen, Randi Koppen, Aud Solbjørg Skulstad, Erik Tønning, Fartein Nordeng Tjessem (studentrepresentant), Arne Jonas Reiersen (studentrepresentant) og Hanne Svanholm Misje (sekretær).

07/16 Innkalling og sakliste vart godkjent

08/16 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøte 20. januar 2016

Merknader:

- Jacob Hoffmann var til stade på møtet 20. januar, men stod ikkje i møtereferatet. Referat frå møtet vil bli korrigert før det blir publisert på nett.

Møtereferatet frå programstyremøtet 20. januar 2016 vart godkjent med merknad som kom fram i møtet 20. april 2016.

9/16 Orienteringssaker

1. HF2018

Zeljka orienterte om status for HF2018. Vedlagt sakspapira var eit forslag til ny struktur på bachelorprogramma ved IF. Denne vart lagt fram på allmøte av Åse Johnsen. Dette forslaget har så og seie blitt avvist av arbeidsgruppa for HF2018 allereie. Det ser no ut som at HF2018 siktast seg inn på områdestudier, men ingenting er bestemt enno. Det kan og sjå ut til at det må lagast fellesemne til dei nye gradane. Programstyret si innstilling er at, slik situasjonen er no, så er det for vagt til å ha nokre konkrete tankar om korleis ein kan få dette til.

2. L-studentane sin praksisperiode

I år, meir enn tidlegare år, har me vore ute for at studentar på 300-nivå ikkje kan møte til forelesing på grunn av praksis. Dette gjeld sjølv om undervisninga på 300-nivå ofte ligg til tidspunktet 14-16. Ofte er studentane ferdig med praksisundervisning, men sidan mange av praksisskulane ligg utanfor sentrum så når ikkje studentane tilbake til undervisning ved UiB. Tilføyning til saken: Zeljka har sendt ein førespurnad til koordinatoren for engelskfaget ved Amalie Skrams vidaregåande skule, men har ikkje fått noko svar i skrivande stund. På møtet med lærarstaben og rektor frå St. Pauls gymnas den 10. mai vart det avklart at skulen har kapasitet til å ta i mot fleire engelskstudentar i praksis.

3. Nytt felles skjema for masteroppgåva

Det er utarbeida eit nytt skjema for innmelding av ønska prosjektema for masteroppgåva. Det nye skjemaet inneheld alle tre disiplinane; lingvistikk, litteratur/kultur og didaktikk. Frå



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

og med neste vår skal skjemaet sendast til studieveileder@if.uib.no, som formidlar vidare til dei faglege etter fristen er gått ut.

Forslag frå Laura:

Inkludere informasjon om kurskode, kurstittel og kurstema i dette skjemaet. Sidan emna har ulikt innhald så hadde det vore ein fordel å visst kva tema studentane har kunnskap om på masternivå. Studiekonsulent lagar eit forslag og sender til programkoordinator.

4. ENG212/ENG212L/ENG252 og ENG211/ENG211L/ENG251 – utfasing

Som kjemt går engelsk over til ny studieplan på bachelornivå. Hausten 2016 vil det bli undervisning i «gamle» 200-nivå emne. Våren 2017: første undervisningssemester med nye emne på 10 studiepoeng. Etter forskrifta må det bli tilbudd eksamen i dei «gamle» emna også våren 2017.

10/16 Samarbeid med Leeds/Erasmus-utveksling (vedtakssak)

Det har vore diskutert å starte opp eit utvekslingssamarbeid med University of Leeds. Det er då snakk om ein non-reciprocal student exchange. Studentane våre som reiser til Leeds kan få 10% avslag på skulepengane. Med dagens satsar så er ikkje dette så veldig mykje, og det bør kome eit betre tilbod på bordet.

Spørsmålet er og stilt om det går an å få til ein fellesgrad (joint degree) med University of Leeds. Det ser ut som det kan vere vanskelig på BA-nivå, og meir aktuelt på MA og phd.-nivå. Dersom det blir snakk om ein fellesgrad på bachelornivå så trengs det ein diskusjon på kvar i utdanninga ein skal ta emne ved Leeds. Dersom ein tar 60 studiepoeng i engelsk ved Leeds så er det kun 30 studiepoeng igjen av spesialiseringa som då kan takast på UiB. Ein annan moglegheit er at studentane tar frie studiepoeng i engelsk ved Leeds. Dette ekskluderer då studentar som t.d. vil ta PPU, og studentar som ikkje vil ta engelsk utover spesialiseringa si.

Det kom fram i møtet at ein må sjå denne saken frå fleire sider. University of Leeds kan vere ute etter høgt betalande studentar frå Noreg. I tillegg kom det fram at det er vanskeleg å ha ei klar meinig om denne saken, sidan så mykje fortsatt er uavklart.

Vedtak:

Programstyret vedtar at moglegheitene for eit samarbeid med University of Leeds må undersøkjast nærare før eit endeleg vedtak kan fattast i saken.

11/16 Vedtak om lengda på masteroppgåva

Programstyreleiar informerte at det som står om lengde på masteroppgåva på nettsidene til UiB no, ikkje samsvarer med det som har blitt vedtatt i programstyret tidlegare. På nettsidene til ENG350 står følgjande: «Masteroppgåva skal skrivast på engelsk og vere på mellom 70 og 110 sider (ei side tilsvara om lag 250 ord).»

Denne ordgrensa vart endra til 370 ord per side i 2014. Programstyret liker ikkje at lengda på masteroppgåva skal bli avgrensa i sidetal. Det er eit ønskje om at lengda på MA-oppgåva skal avgrensast i ord. Talet på sider kjem frå HF sine utfyllande reglar til *Forskrift om opptak, studier, eksamen og grader ved Universitetet i Bergen* og kan ikkje endrast på. Engelsk si ordning er dermed



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

eit kompromiss mellom HF sine reglar og fagmiljøet sine ønskjer. Fagkoordinator for lingvistikk meiner at ein toleransmargin på 40 sider/14 800 er uforsvarleg. Det burde vere ein fornuftig toleransmargin, til dømes på +/- 10%.

Det kom fram av diskusjonen i programstyret at det er ønskeleg å endre presiseringa av omfanget på masteroppgåva. I staden for å skrive talet på ord per side, så vil programstyre at det skal stå talet på ord på heile oppgåva. Ny tekst blir då denne: «Masteroppgåva skal skrivast på engelsk og vere på mellom 70 og 110 sider (talet på ord i oppgåva må vere på mellom 25900 og 40700 ord).»

Vedtak:

Programstyret vedtar å endre teksten på emneskildringa til ENG350, for å presisere omfanget av masteroppgåva.

12/16 Eventuelt

Ingen saker vart tatt opp under eventuelt, men Zeljka orienterte om følgjande:

Søkartal, engelsk: Talet på studentar som har søkt på ÅRHF-ENG er auka, medan talet studentar som har søkt på BAHG-ENG har gått ned sidan 2015. Slik tala står no har BAHF-ENG 75 søkjarar på første prioritet til 70 studieplassar. Det er dermed ikkje sikkert studieplassane på BAHF-ENG blir fylt opp. Dette kan sjølvstendig endre seg. Samordna opptak har frist 1. juli for å omprioritere studieønska. Engelsk bør vurdere rekrutteringstiltak.

Merknadsfrist: 30. mai.



Vedlegg 2: Ny emnebeskrivelse – ENG125

ENG125

Emnekode	ENG125
Emnenamn	Britisk litteratur og kultur
Engelsk emnenamn	British Literature and Culture
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. <u>For exchange students:</u> In order to sign up for the course, you must provide the following documentation at the time of application for exchange at UiB: • Letter of motivation In addition, qualified applicants have to pass a diagnostic test when arriving in Bergen (more information about the test will be sent to applicants by email).
Fagleg overlapp	På grunn av fagleg overlapping kan ein ikkje få utteljing for ENG125 i kombinasjon med ENG123/ENG124.
Mål og innhald	Studiet har som mål å gi studentane auka innsikt i og kunnskap om britisk litteratur og kultur, og gjera dei i stand til å uttrykkja seg klårt og presist om litterære og kulturelle spørsmål, både skriftleg og munnleg. Studentane skal utvikla evne til sjølvstendig vurdering av og kritisk haldning til pensumtekstane. Kurset gir ei innføring i tekstanalyse i dei litterære hovudmodusane prosa, drama og lyrikk. Dugleiken til å ta for seg både formelle og tematiske trekk blir oppøvd. Gjennom tolking og analyse av ei rekke litterære verk, vil det òg bli gitt ei forståing av dei viktigaste epokane og utviklingstrekk innafor britisk litteratur. Verka og epokane blir tolka med omsyn til viktige trekk av si tids samfunnstilhøve og politiske kontekst.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse	Ved fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studenten - har eit kritisk vokabular i tråd med disiplinen, og demonstrerer, både skriftleg og munnleg, ei forståing av dei grunnleggande konseptuelle og teoretiske metodane som blir brukt i kritisk lesing av litterære tekstar - har ei forståing av skilnadene mellom dei ulike litterære formene, som drama, poesi og prosa, og dei ulike genrane innanfor desse igjen, slik dei blir handsama ikurset - har ei forståing av tilhøvet mellom litterære tekstar og dei større politiske og historiske rammene dei høyrer til og som dei er i dialog med <u>Dugleikar</u> Studenten - kan demonstrere punkta over i tydelege uttrykte, korrekt formulerte og strukturerte essay <u>Generell kompetanse</u> Studenten kan gi sjølvstendig og kreativ respons på ulike litterære arbeid
Tilrådde forkunnskapar	Ein vil sterkt rå til at studentane i tillegg til generell studiekompetanse har studiespesialiserande programfag i engelsk frå vidaregåande skole med gode karakterar. For studentar med annan bakgrunn er det tilrådd med eit engelsknivå tilsvarande B2 i samsvar med the Common European Framework of Reference for Languages. Ein vil òg rå til at studentane har fullført ENG100 og EXFAC00SK Språk og kommunikasjon.
Krav til forkunnskapar	Ingen formelle krav til forkunnskapar; sjå tilrådde forkunnskapar.
Undervisning og omfang	Forelesing og seminar: opp til 72 timar. Det er venta at studentane er til stades og tek aktivt del i undervisninga. Dette ligg også til grunn for førebuing til eksamen.
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk frammøte på seminara. Studentane må vere til stades på minst to av dei tre første seminara, og totalt på 9 av 12 seminar. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige t.o.m. eitt semester etter undervisningssemesteret.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen kvart semester: på slutten av vårsemesteret og midt i haustsemesteret. Eksamen i emnet er ein sju dagars heimeeksamen over oppgitt tema. Heimeeksamen skal vera på mellom 2500 og 2800 ord, og skal leverast elektronisk. Ved eksamen påfølgande semester utan undervisning er eksamen ein 5 timars skoleeksamen, der studenten blir prøva heile pensumet. Ingen hjelpemiddel er tillatne ved skoleeksamen. Skoleeksamen kan bli digital.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Emnet gjer bruk av eit utval representative tekstar, forfattarar og retningar innafor britisk litteratur (poesi, prosa og drama). Tekstane blir både sett i lys av grunnleggande litteraturteoretiske problem og sosiale, politiske og kulturelle tilhøve, som òg blir dekt av relevant pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no



Vedlegg 3 – Nye emnebeskrivelser, ENG331, ENG332, ENG335 og ENG337

ENG331

Emnekode	ENG331
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur I
Engelsk emnenamn	Selected topic in English Literature and/or Culture I
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.
Fagleg overlapp	ENG331 har full overlapp mot ENG331L.
Mål og innhald	Kurset skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur. ENG331 er eit spesialisert studium, normalt i eit tema frå britisk litteratur og/eller kultur. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester, og kan óg omfatte amerikansk og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Teksttilfanget kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse	Ved fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studenten - har utvikla vidare kjennskap til disiplinen generelt - har tileigna seg spesialisert kunnskap om temaet emnet omhandlar - har fått kjennskap til nyare forskning på det aktuelle feltet emnet omhandlar <u>Ferdigheiter</u> Studenten - kan drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming <u>Generell kompetanse</u> Studenten - er i stand til å arbeide med særlege teoretiske/metodiske problemstillingar over ei viss tid - har vidareutvikla evna til å uttrykke akademiske idéar på skriftlig og munnleg engelsk
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Undervisning og omfang	Seminar: opp til 16 timar. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG331 kvart semester. Eksamen i emnet er ein sju dagars heimeeksamen over tema oppgitt av faglærer, fylgt av ein munnleg eksamen. Arbeidet er på mellom 2800 og 3200 ord (eksklusive litteraturliste osv.). Når endelig karakter vert fastsett teller heimeeksamen to trededeler og munnleg eksamen ein trededel. Heimeeksamen må vere greidd for at studenten kan gå opp til munnleg eksamen. Kandidaten blir eksaminert både i oppgåva og heile pensum under munnleg eksamen. Studentar som får F på munnleg eksamen får også F som endelig karakter. Ved eksamen påfølgjande semester utan undervisning må studentane ta ein 4 timars skoleeksamen. Skoleeksamen kan bli digital.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 700 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 6-8 verk. Teoritekstar høyrer med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum lyt studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

ENG332

Emnekode	ENG332
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur II
Engelsk emnenamn	Selected topic in English Literature and/or Culture II
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Mål og innhald	Kurset skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur. ENG332 er eit spesialisert studium, normalt i eit tema frå britisk litteratur og/eller kultur. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester, og kan óg omfatte amerikansk og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Teksttilfanget kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse	Ved fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studenten - har utvikla vidare kjennskap til disiplinen generelt - har tileigna seg spesialisert kunnskap om temaet emnet omhandlar - har fått kjennskap til nyare forskning på det aktuelle feltet emnet omhandlar <u>Ferdigheiter</u> Studenten - kan drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming <u>Generell kompetanse</u> Studenten - er i stand til å arbeide med særlige teoretiske/metodiske problemstillingar over ei viss tid - har vidareutvikla evna til å uttrykke akademiske idéar på skriftlig og munnleg engelsk
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.
Undervisning og omfang	Seminar: opp til 16 timar. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i undervisningssemesteret og det påfølgjande semesteret.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG332 kvart semester. Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 4500 ord (eksklusive litteraturliste osv.). Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet. Ved eksamen i følgjande semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde semesteroppgåva utan vidare rettleiing. Ved eksamen på følgjande semester utan undervisning må studentane ta ein fire timars skoleeksamen. Skoleeksamen kan bli digital.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 700 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 6-8 verk. Teoritekstar høyrer med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum lyt studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

ENG335

Emnekode	ENG335
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur V
Engelsk emnenamn	Selected topic in English Literature and/or Culture V
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.
Mål og innhald	Kurset skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur. ENG335 er eit spesialisert studium, normalt i eit tema frå amerikansk litteratur og/eller kultur. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester, og kan òg omfatta britisk og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Teksttilfanget kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturellt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse	Ved fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studenten - har utvikla vidare kjennskap til disiplinen generelt - har tileigna seg spesialisert kunnskap om temaet emnet omhandlar - har fått kjennskap til nyare forskning på det aktuelle feltet emnet omhandlar <u>Ferdigheiter</u> Studenten - kan drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming <u>Generell kompetanse</u> Studenten - er i stand til å arbeide med særlige teoretiske/metodiske problemstillingar over ei viss tid har vidareutvikla evna til å uttrykke akademiske idéar på skriftlig og munnleg engelsk
Tilrådte forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Bachelorgrad med spesialisering i engelsk eller tilsvarande.
Undervisning og omfang	Seminar: opp til 16 timar. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG335 kvart semester. Eksamen i emnet er ein sju dagars heimeeksamen over tema oppgitt av faglærar, fylgt av ein munnleg eksamen. Arbeidet er på mellom 2800 og 3200 ord (eksklusive litteraturliste osv.). Når endelig karakter vert fastsett teller heimeeksamen to trededeler og munnleg eksamen ein trededel. Heimeeksamen må vere greidd for at studenten kan gå opp til munnleg eksamen. Kandidaten blir eksaminert både i oppgåva og heile pensum under munnleg eksamen. Studentar som får F på munnleg eksamen får også F som endelig karakter. Ved eksamen påfølgjande semester utan undervisning må studentane ta ein 4 timars skoleeksamen. Skoleeksamen kan bli digital.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 700 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 6-8 verk. Teoritekstar høyrer med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum lyt studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

ENG337

Emnekode	ENG337
Emnenamn	Masteremne i engelskspråkleg litteratur/kultur VII
Engelsk emnenamn	Selected topic in English Literature and/or Culture VII
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Engelsk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar på masterprogrammet i engelsk ved UiB.
Fagleg overlapp	ENG337 har full overlapp mot ENG337L.
Mål og innhald	Kurset skal gi utvida kunnskapar om engelskspråkleg litteratur og/eller kultur, og øve opp ei kritisk og sjølvstendig forståing av problemstillingar som er knytte til studiet av litteratur og/eller kultur. ENG337 er eit spesialisert studium, normalt i eit tema frå amerikansk litteratur og/eller kultur. Innhaldet i emnet vil variera frå semester til semester, og kan òg omfatta britisk og/eller annan engelskspråkleg litteratur og/eller kultur. Teksttilfanget kan hentast frå ein nasjonallitterær tradisjon, ein periode, ein sjanger, eit forfattarskap, eit litterært eller kulturelt tema, eller ei litterær eller kulturell rørsle. Tekstane skal lesast ut ifrå eit kritisk og teoretisk perspektiv.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Læringsutbytte/resultat • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse	Ved fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studenten - har utvikla vidare kjennskap til disiplinen generelt - har tileigna seg spesialisert kunnskap om temaet emnet omhandlar - har fått kjennskap til nyare forskning på det aktuelle feltet emnet omhandlar <u>Ferdigheiter</u> Studenten - kan drøfte tema frå engelskspråkleg litteratur og/eller kultur frå ein kritisk og teoretisk ståstad, og med ei analytisk tilnærming <u>Generell kompetanse</u> Studenten - er i stand til å arbeide med særlige teoretiske/metodiske problemstillingar over ei viss tid - har vidareutvikla evna til å uttrykke akademiske idéar på skriftlig og munnleg engelsk
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang	Seminar: opp til 16 timar. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i undervisningssemesteret og det påfølgande semesteret.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Vurderingsformer	Det blir arrangert eksamen i ENG337 kvart semester. Eksamen i emnet er ei rettleidd semesteroppgåve på om lag 4500 ord (eksklusive litteraturliste osv.). Studentane pliktar å møte til rettleiing og elles halde dei fristane som er sette av faglærar. Studentar som ikkje følgjer desse retningslinene, misser retten til å ta eksamen i emnet. Ved eksamen i følgjande semester leverer studenten som har oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret den omarbeidde semesteroppgåva utan vidare rettleiing. Ved eksamen på følgjande semester utan undervisning må studentane ta ein 4 timars skoleeksamen. Skoleeksamen kan bli digital.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum i emnet er sett saman av opptil 700 sider sakprosa eller læreboktekst, eller litterære tekstar som svarar til 6-8 verk. Teoritekstar høyrer med. Det vil òg vere mogleg å kombinere sakprosa og litterære tekstar i eitt pensum. I tillegg til pensum lyt studentane gjere bruk av tilrådd hjelpelitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no



Vedlegg 4 – Programsensorrapport ENG100 - litteratur

Charles I. Armstrong

Programsensor for engelsk litteratur ved Det humanistiske fakultet, Institutt for fremmedspråk, UiB

Oppnevnt for perioden 1.1.2016 – 31.12.2019

Rapport for april 2016.

ENG100: Evalueringsrapport

ENG100, «Introduksjon til engelskstudiet»

1. Læremiddel, studieopplegg, prøveordning/eksamen og undervisning:

Dette er et valgfritt introduksjonskurs, som skal (i følge emnebeskrivelsen) gi studenten «eit godt grunnlag for vidare studium i engelsk lingvistik, litteratur og kultur». Emnet gir en uttelling på 10 studiepoeng, og i så måte kan undervisningsomfanget – som spesifiseres å være opp til 28 timer – virke noe tynt. Dette kompenseres trolig av de obligatoriske arbeidskravene. Studentene må levere inn hele fire arbeidskrav: to i lingvistik og to i litteratur/kultur. Selv om dette tallet er uvanlig høyt for et emne på kun 10 studiepoeng, virker det fornuftig å prioritere dette individuelle arbeidet på bekostning av forelesninger og seminarer i plenum, gitt at dette er et emne som skal fungere som en introduksjon og som skal sikre at studentene har basisferdighetene på plass før de går videre med studiet.

Pensumlisten for litteraturen virker godt tilrettelagt et introduksjonskurs av denne sorten, og er dominert av generelle tekster om fortolkning og litteraturkritikk, i tillegg til et utvalg primærtekster. Lingvistikkpensumet virker til sammenligning mer dominert av et ønske om å trene opp grunnleggende ferdigheter i akademisk skriving - i stedet for den innholdsmessige, faglige siden ved engelsk språk - men nettopp lingvistikk-delen anses ikke å være et viktig anliggende for akkurat denne rapporten. Det litterære pensumet består av prosa- og poesitekster, og en vektlegging av sistnevnte genre blir i emnerapporten begrunnet i studentenes åpenbare problemer med å fortolke lyrikk i senere deler av bachelorprogrammet.

Det kan nok være utfordrende å finne riktig type lærer, og kanskje også riktig motivasjon, for et slikt emne - siden det faglig sett trolig vil være mindre krevende enn resten av bachelorprogrammet, samtidig som de pedagogiske utfordringene til tider kan være store, og en god relasjon til senere pensum i faget også er et viktig premiss for at emnet skal fungere som det skal. Høsten 2015 ble de tre forelesningene i emnet gitt av tre forskjellige forelesere – alle fast ansatte, med sin hovedkompetanse i litteratur/kultur - som også hadde ansvar for hver sin seminargruppe. Faren med et slikt opplegg er at det fort kan bli for fragmentert: spesielt i tilfeller der de pedagogiske utfordringene står i høysetet, kan det være riktig å prioritere at studenten får enhetlig undervisning gitt av så få lærere som mulig.

Når det gjelder selve eksamen – som er en fire timers skoleeksamen – virker en todeling, der studenten må stå i både lingvistik og litteratur/kultur – formålstjenlig. Dessverre brukte imidlertid mange studenter så mye tid på den innledende lingvistikk-delen,



at de ikke fikk tid til å besvare den etterfølgende litteraturdelen på fullstendig vis. Det opplyses i emnebeskrivelsen at skoleeksamen «kan bli digital»: gitt det faktum at studentene sjeldent kommer til å arbeide med penn og papir i fremtiden, er det ønskelig at digital eksamen blir normalformen så snart som mulig.

2. Studie- og eksamenskrav og generelt om studentenes prestasjoner:

Alle studenter som er tatt opp på bachelorprogrammet i engelsk ved UiB kan ta emnet. Det spesifikke fokuset på litteratur og lingvistikk gjør at det nok ikke er aktuelt for studenter som kun trenger mer praktisk skoling og basisopplæring i engelsk. Studentene presterte jevnt over bedre på lingvistikk-delen enn på litteraturdelen – på sistnevnte var D, E og F de hyppigste karakterene, mens man på lingvistikk oppnådde noe tilnærmet lik Gausskurven. Dette avviket er slående, og tilsier at fagmiljøene bør gå i en dialog med hverandre om krav, ambisjoner og opplegg for dette studiet.

3. Vurderingsprosess og praktisering av karakterskala:

Vurderingsprosessen følger normale prosedyrer. Det kan selvfølgelig vurderes om et slikt innføringsemne kun burde operere med bestått/ikke bestått, men det er fare for at det ville undergrave studentenes motivasjon.

4. Programsensors deltagelse i drøftelser i fagmiljøet:

Programsensor har ikke deltatt i interne drøftelser av emnet i fagmiljøet.

5. Særlige forhold ved gjennomføringen av studieprogrammet i perioden:

